Bremanger kommune

# KULTURMILJØPLAN

# 2020-2030



Foto.Kjell Aga Ulvestad

# «DER BÅRA BRYT»

Vedteken av Bremanger kommunestyre 25.03.2021 sak KST-008/21

# Innhald


1.0 Innleiing ... 3

2. Bakgrunn og føremål ... 3

2.1. Generelt om bakgrunn for planarbeidet ... 3

2.2. Føremål ... 4

2.3 Kva er viktige kulturminne? ... 4

2.4 Viktige aktørar ... 4

2.5 Medverknad i planprosessen ... 5

2.6 Plandokumentet ... 5

3.0 Definisjonar og ordforklaring ... 6

4.0 Historiske periodar ... 7

5.0 Kulturminne i Bremanger, fordelt på bygder ... 8

5.1 Freda kulturminne ... 8

5.2 Verna kulturminne ... 20

5.3 Bygningar med byggeår 1650 - 1850 ... 22

5.4 Andre verdifulle kulturminne ... 34

6.0 Kulturminne innan ulike tema ... 44

6.1 Fornminne ... 44

6.2 Kystkultur ... 44

6.3 Sakrale kulturminne ... 45

6.4 Industriminne ... 45

6.5 Krigsminne ... 45

6.6 Immatrielle kulturminne ... 46

7.0. Forvaltning av kulturmiljø i Bremanger kommune ... 46

7.1 Mål og strategiar ... 46

7.1.1 Mål for forvaltninga av kulturmiljø i Bremanger kommune: ... 46

7.1.2 Strategiar for Bremanger sitt arbeid med kulturmiljøvern: ... 47

7.2 Retningslinjer for forvaltning ... 47

8. Handlingsplanen er vedlagt som eit eige dokument. ... 48

9.0 Støtteordningar ... 48

10.0 KJELDER: ... 49

**Vedlegg** Skjema for evaluering av verneverdi ... 51

# 1.0 Innleiing

I brev, datert 14.12.2012, inviterte Riksantikvaren fylkeskommunane til samarbeid for å styrke kommunal kulturminneforvaltning. Der står det mellom anna:

*«God kulturminneforvaltning i kommunene krever kunnskap og oversikt over lokalhistorien og kulturminnene. Det er behov for styrket kulturminnekompetanse i mange kommuner, og det mangler gode oversikter over kulturminnene. Miljøverndepartementet og Riksantikvaren arbeider med et mål om kunnskapsløft for kulturminneforvaltning og har en satsing på dette som skal gå frem til 2017. Et viktig tiltak er å legge til rette for, og stimulere kommunene til å utarbeide kulturminneplaner. Kommunedelplaner for kulturminnene er gode verktøy for forvaltning av kulturminnene og vil samtidig øke oppmerksomheten og kunnskapen om dem. Riksantikvaren oppfordrer kommunene til å sette kulturminneplaner på dagsorden ved bl.a. registrering og planlegging*.»

Sogn og Fjordane fylkeskommune utlyste midlar til utarbeiding av lokal kulturminneplan og registreringsarbeid. Bremanger kommune har i «Kommunal planstrategi» vedteke å utarbeide kommunedelplan for kulturminne i Bremanger, og kommunen har fått tildelt midlar til arbeidet. (150 000,- i 2015) Desse midlane blei brukt same året.

Vilkåra for tildeling frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sa fylgjande;

- Det skal ligge føre tidfesta plan for gjennomføring av registreringar og utarbeiding av kulturminneplan.
- Det skal ligge føre politisk vedtak om utarbeiding av kulturminneplan.
- Kulturminna som vert registrert skal leggjast inn i kulturminnesøk eller andre baser som kan utveksle data med kulturminnesøk.
- Det skal utarbeidast korte statusrapportar om framdrift som skal sendast til fylkeskommunen to gongar årleg inntil arbeidet er sluttført.

Bremanger kommune starta opp arbeidet med Kulturminneplan i 2015 . Av ulike årsaker stoppa arbeidet opp. Planen er no utarbeida på bakgrunn av revidert planprogram vedteke av planutvalet 14.02.19

I Stortingsmeldinga «Nye mål i kulturmiljøpolitikken» (Meld.St.16 2019-20) innfører regjeringa begrepet «kulturmiljø» som samlebegrep. Begrepet dekkjer områda «kulturminne, kulturmiljø og landskap». Dagens plan har difor endra namn til «Kulturmiljøplan». Begrepet «Kulturmiljø» erstattar ikkje bruken av kulturminne, kulturmiljø eller landskap når det blir referert til enkeltobjekt, men understrekar viktigheit for heilskap og samanheng i kulturmiljøpolitikken.

Kulturmiljøplanen vart vedteken av kommunestyret i Bremanger 25.03.2021, sak KST-008/21.

# 2. Bakgrunn og føremål

## 2.1. Generelt om bakgrunn for planarbeidet

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for kommande generasjonar. Den offentlege forvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturmiljøforvaltning vert oppfylt. Gjennom bruk av Plan – og bygningslova (PBL) blir kommunane heilt sentrale i dette arbeidet. Det er ei forventning frå Staten at kommunane registrerer og verdiset kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi og arbeider inn desse i planar. Ein kulturmiljøplan er tenkt å skulle vere eit godt verktøy og gje eit solid grunnlag for arbeidet.
Kommunedelplanen for kulturmiljø vil sette temaet på den politiske dagsorden og innarbeide det i kommunen si verksemd. Vern gjennom bruk er eit mål.

## 2.2. Føremål

Planen skal ha som mål å formidle kunnskap om kulturmiljø og verdien av desse til kommunen sine innbyggjarar.
Planen vil gje føringar for eigarar av kulturminne. Eit kulturminne si forankring i planen er viktig med tanke på stønadsordningar kring rettleiing i bruk og vedlikehald.
Ikkje minst kan skulevesen, næringsliv, reiselivsbransjen og kultursektor nytte kulturminna til å skape høg kompetanse og gode opplevingar.

Kulturmiljøplanen er også eit plandokument som er mynta på sakshandsamarar i kommunen. I forvaltninga innan areal-, plan-, og byggjesaker vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming.

Kulturmiljøplanen skal altså bidra til:

- Auka kunnskap og medvit om kulturmiljøverdiane i kommunen, samt styrke innbyggarane si stoltheit og identitet knytt til eigen kulturarv.
- Oversyn og verdisetting av viktige kulturminne, kultur-miljø og -landskap.
- Betre forvaltning av kulturmiljø blant anna gjennom bruk av plan- og bygningslova
- Utvikling av eit godt samarbeid mellom ulike kulturmiljøaktørar
- Nytte dei lokale kulturmiljøa aktivt i kommunen sitt utviklings- og verdiskapingsarbeid.

## 2.3 Kva er viktige kulturmiljø?

Ein kulturmiljøplan er eit dokument som skal hjelpe oss å finne ut kva kulturminne, miljø og landskap, som er viktigast for Bremanger, og som best representerer og fortel om vår kulturarv og identitet.

I planen gjer ein greie for:

- Kva kulturminne som finns i bygdene i kommunen innan ulike kategoriar
- Kva tiltak som må settast i verk for å informere om og ta vare på kulturminna
- Kva tiltak som kan settast i gang for å levandegjere og formidle kulturminna

Kulturmiljø er viktige, ikkje-fornybare ressursar og verdiar i lokalsamfunnet. Kulturmiljø kan ha verdi som kjelde til kunnskap og opplevingar, og som bruksverdi. Vi gjev ein fyldig oversikt over kulturminna i kommunen, samt ei fordeling av kulturminna under ulike kategoriar.
Kulturmiljøa kan ha lokal, regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturmiljøverdiane også vere på eit internasjonalt nivå, som til dømes Vingen og Skatestraumområdet.

## 2.4 Viktige aktørar

Lokale utviklingsaktørar kan ta ei aktiv rolle for sjølv å utvikle kulturarven som ressurs.

Eigarane er dei viktigaste aktørane når det gjeld å ta vare på og vidareutvikle kulturmiljøa. For at potensialet skal kunne hentast ut, er det viktig at eigarane ser verdien av kulturmiljøa og har kunnskap om korleis dei kan takast vare på og vidareutviklast, samtidig som kulturmiljøverdien vert bevart. Tilgang på økonomiske ressursar vil ha noko å seie for i kva grad eigarane har mogelegheit til å ta vare på og vidareutvikle kulturmiljøa. Her kan kommunen bidra med informasjon og vegleiing.

Lokale aktørar som lag, organisasjonar og næringsliv kan bidra til å utvikle kulturarven som fellesressurs for allmenta eller som grunnlag for verdiskaping. Bremanger sogelag er viktige bidragsytarar ved utvikling og registrering av kulturarven.

Musea og fylkesarkivet er ein viktig samarbeidspart når det gjeld å ta vare på gjenstandar og immateriell kulturarv. Kystmuseet, Nordfjord folkemuseum og Sogn og Fjordane (Vestland) fylkesarkiv skal vere viktige samarbeidspartar ved behov for trygg bevaring av kulturminne.

Offentlege organ har forvaltningsansvar for vår felles kulturarv. Riksantikvaren hadde tidlegare mynde til å avgjere om eit kulturminne er automatisk freda og til å gjere fredingsvedtak. I dag er dette delegert til Fylkeskommunen. Dei har også mynde til å legge ned motsegn av omsyn til kulturmiljø ved kommunal arealplanlegging.

Vestland fylkeskommune har forvaltningsansvar for dei automatisk freda kulturmiljø og vedtaksfreda kulturmiljø. For dei vedtaksfreda bygningane gjev fylkeskommunen tilskot og fagleg rettleiing i arbeidet med å vedlikehalde bygningane. Vestland fylkeskommune skal behandle saker som kan kome i konflikt med regionale og nasjonale kulturmiljøinteresser.

Bremanger kommune har ei viktig rolle når det gjeld å bruke kulturarven som ressurs i samfunnsutviklinga og gje råd til lokale initiativtakarar som vil utvikle kulturminna. Kommunen har mynde til å verne kulturmiljø gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar som er juridisk bindande etter plan- og bygningslova. Med mynde i denne lova har kommunen ansvar for å følgje opp alle kulturmiljøa i kommunen gjennom forvaltninga.

## 2.5 Medverknad i planprosessen

Ved utarbeiding av kulturmiljøplan for Bremanger har dialog med lokale aktørar blitt vektlagt. Bremanger sogenemnd har levert bidrag frå kvar sine områder, og lokale innspelmøter har vore gjennomført for å sikre lokalkunnskapen og involvering frå dei ulike bygdene i kommunen.

Planarbeidet har vore gjennomført etter reglane i plan- og bygningslova, og i tråd med desse har lokale aktørar og offentlege instansar blitt informerte og inviterte til å bidra med innspel til arbeidet.

## 2.6 Plandokumentet

Kulturmiljøplanen for Bremanger gjeld for perioden 2020-2030. Planen gjev eit oversyn over dei ulike kulturmiljøa vi har i Bremanger kommune, kva tidsepoke dei høyrer til og kva type kulturminne det er snakk om. Her er trekt fram både materielle og immaterielle kulturminne.

Kapittel 5 viser ei oversikt over kulturarven i Bremanger, frå eldre og nyare tid, bygd for bygd. I presentasjonen av bygdene er det trekt fram kulturminne/kulturmiljø som er freda og bevaringsverdige, og som bør gjerast kjent for dei som bur her i dag, og formidlast vidare til komande generasjonar. Desse er ivaretatt gjennom lovverket i Kulturminnelova.

Andre verdifulle kulturmiljø frå nyare tid er spesielt viktig å registrere og ivareta. Dette kan gjerast på ulike måtar. Historier eller objekt kan visast fram og formidlast, kulturmiljø kan få ei omsynssone og liknande.

Kapittel 6 viser dei viktigaste kulturminna fordelt på tema.

Kapittel 7 formidlar målsetjinga til Bremanger kommune om korleis vi kan leggje til rette slik at kulturminna og miljøa blir ein ressurs i samfunnsutviklinga. Her er også målsetjing knytt til korleis kommunen skal følgje opp dei utvalde kulturmiljøa gjennom formidling og vern.

Handlingsplanen er tatt ut som eige dokument. Den viser eksempel på kva tiltak ein meiner har stort potensiale innan kulturformidling ulike stader i kommunen. Lista er ikkje i prioritert rekkefølge. Handlingsdelen skal rullerast og behandlast politisk kvart år, og prioritering av tiltak vil alltid måtte ta omsyn til kapasitet og ressursar.

Kapittel 9 viser eksempel på kvar eigar av eit kulturminne og miljø kan søke støtte for å vedlikehalde eller restaurere kulturminne.

Vedlegga viser kjelder og ei oversikt over kvar ein kan søke informasjon om ulike registrerte kulturmiljø.

# 3.0 Definisjonar og ordforklaring

**Kulturmiljø:** Er eit nytt samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og -landskap**.** Område der kulturminne og/eller kulturlandskap er del av ein større heilskap eller samanheng.

**Kulturminne**: Spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, og stader som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til (Lov om kulturminne). Kulturminne har mange former.

**Materielle kulturminne**: Faste kulturminne: bygningar og anlegg, kulturlandskap, også jordfaste gjenstandar. Lause kulturminne: kulturminne som kan flyttast: gjenstandar, inventar, reiskap m.m.

**Immaterielle kulturminne**: Praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter, t.d. innan handverk. Det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne: Tru, tradisjon, skikkar, segn og hendingar.

**Kulturlandskap**: Menneskeforma landskap som inneheldt økologiske, biologiske og kulturhistoriske element. Døme: Område med gamal slåttemark. Steinmurar. Kulturlandskapet omfattar også strukturar som er gøymde under jordoverflata.

**Freding, vedtaksfreding**: Vedtak etter Lov om kulturminne, med formål bevaring av eit kulturminne/kulturmiljø. Freding er det sterkaste juridiske vern eit kulturminne/kulturmiljø kan ha. Alle kan foreslå freding. Berre Riksantikvaren (RA) kan gjera vedtak om freding, til vanleg på grunnlag av fylkeskommunen si saksutgreiing og innstilling. Freding avgrensar eigar sin råderett på avgjerande vis, men gjev og tilgang til støttemidlar.

**Automatisk freda kulturminne (Fornminne):** Kulturminne eldre enn 1537. Automatisk freda etter kulturminnelova. Dette gjeld både bygningar, gjenstandar og strukturar t.d. i jordlag.

**Nyare tids kulturminne**: Kulturminne yngre enn 1537. Ståande bygningar eldre enn 1650 er automatisk freda**.**

**Vern**: Vern inneber ulike grader av bevaring av kulturminne og kulturmiljø. Viktigaste lovgrunnlag for vern er Plan og bygningslova og Naturmangfaldlova. Viktigaste planreiskap er kommuneplan og reguleringsplan med tilhøyrande føresegner. Vern inneber til vanleg mindre inngrep i eigar sin råderett og mindre omfattande restriksjonar enn freding. For bygningar vil vern til vanleg gjelde det utvendige (eksteriør).

**Omsynssoner**: Soner med særskilt omsyn til bevaring av kulturmiljø bestemt i arealplanar, eller områder som er freda etter Kulturminnelova. Hensikta er å hindre vesentleg svekking av verneverdien. Områda skal markerast i kommunen sin arealplan med tilhøyrande retningslinjer om kva som skal takast omsyn til.

**Byggeskikk:** Innarbeidd /tradisjonsbunden måte å byggja og plassera hus. Kan t.d. vera lokal byggeskikk tilpassa lokal levemåte, materialtilgang og landskap. Meir tydeleg i eldre tid.

**Dokumentasjon:** I tillegg til objekt og strukturar som utgjer kulturmiljø byggjer kulturmiljøkunnskapen vår på dokumentasjon av kulturmiljøa i form av skriftlege omtalar, teikningar og fotografi, samla i arkiv og bibliotek. Dette gjeld t.d. rapportar og omtalar etter arkeologiske utgravingar, innsamling av stadnamn og segner osb. Slikt dokumentasjonsmateriale finn ein t.d. ved fylkesarkiva i Sogn og Fjordane og Hordaland, Riksantikvaren sitt arkiv og Universitetsmuseet i Bergen. (sjå vedlegg)

**SEFRAK**: Sekretariatet for registrering av faste kulturminne (SEFRAK) gjennomførde frå ca. 1975-1995 ei landsomfattande registrering av bygningar med byggjeår før ca.1900. Registreringane for Bremanger er tilgjengelege på nettstaden Fylkesatlas og viser status ved registrering. Ikkje alle aktuelle bygningar vart registrerte.

**Raud SEFRAK**: byggjeår før 1850.

**Gul SEFRAK**: byggjeår 1850-1900. Tidfesting er usikker for mange objekt.

**Listeført:** Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er sokalla «listeførde». Alle endringar/tiltak i eller ved listeførde kyrkjer skal handsamast av Riksantikvaren etter det sokalla «kyrkjerundskrivet».

# 4.0 Historiske periodar

**Eldre steinalder (9000-3200 år f.Kr.)** I perioden etter den siste store istida i Noreg, vandra folk til det som i dag er Norge. Dei livnærte seg på jakt, fiske og sanking. Tidlege spor etter menneske er difor lokalisert på stadar der det var gunstige forhold for ferdsel, jakt og fiske. I Bremanger har vi mange registrerte kulturminne i Skatestraumen. Området var tidleg tilhaldsstad for fastbuande, og med sin rike fiske- og dyrebestand, i tillegg til nærleiken til skipsleia, var dette ein naturleg busetnad.

I Bremanger har vi sør- Norges største helleristningsfelt, Vingen, med ristningar tilbake til slutten av denne perioden. I dag er det registrert rundt 2200 ristningar på berg og steinar i den veglause vika ved Frøysjøen med utsikt mot fjellet Hornelen. Dette er eit område som er identisk i dag som då.

**Yngre steinalder (3200-1800 år f.Kr.)** I yngre steinalder vart folk i større grad bufaste. Livnæringa beveger seg difor frå å berre omfatte jakt, fiske og sanking til også å innebere husdyrhald og jordbruk.

**Bronsealder (1800-500 år f.Kr.)** Bronsealderen har sitt namn fordi det var i denne perioden at bronse vart tatt i bruk til utforming av våpen, reiskap og smykke. I denne perioden førte jordbruket til at fleire vart buande på ein stad, noko som førte til auka folketal.

«Dei store gravrøysene i Botnane er av dei fremste, og best bevarte, minnesmerka frå bronsealderen her i landet. Difor vert det våren 2021 sett opp informasjonsskilt om dei. På strekninga Botnane til Årebrot i Kinn er det vel 40 gravrøyser frå bronse- og jernalder. Den største gravrøysa i Botnane er 38 meter brei og fem meter høg, og den imponerande storleiken på fire av dei åtte røysene i Botnane tyder på at det har vore eit høvdingsete her i bronsealderen».

Bergkunsten i Vingen er dei mest spesielle funna også frå denne tida.

**Jernalder (500 år f.Kr.–1050) (Vikingtid 800-1050)**

Jern blei tatt i bruk til utforming av våpen og redskap under jernalderen. Denne perioden varer fram til skriftelege kjelder vart mest viktig for kunnskapen om menneska sine liv og virke. Perioden omfattar også vikingtida.

I Bremanger veit vi at folk på denne tida var busette i heile kommunen. Dette vert stadfesta av svært mange funn av gravrøyser, reiskap og pyntegjenstandar som er daterte til jernalderen. Vi har også funn av Skarsteinskipet frå 700-talet og historiene om vikinghøvdingen BerleKåre frå Berle.

**Mellomalder (1050–1537)**

I overgangen mellom vikingtida og mellomalderen, vart Norge samla til eit rike. Det vart ei fastare styringsform og kristendomen fekk fotfeste. Etter alle funna frå jernalderen, skulle ein tru at det var gjort mange funn frå mellomalderen også, men slik er det ikkje. Ei av årsakene er innføring av ny religion og nye gravskikkar, som førte til at det vart slutt på at ein fekk med seg gjenstandar i grava. Dette er ein vesentleg grunn til at ein ikkje har eit like rikt gjenstandsmateriale frå denne tida som frå perioden før.

Grotle gamle kyrkjegard er frå mellomalderen og var i bruk fram til 1902. Kyrkja som stod innanfor dei eksisterande murane var den einaste kyrkja for heile soknet Den var først nemnd i 1315, i

Bjørgvin Kalvskinn, ei jordebok over dei geistlege eigedomane på 1300-talet. Dei opprinnelege kyrkjene i Ålfoten og Rugsund var også nemnde i 1330.

Ein del steingardar kan truleg daterast til mellomalderen. Vi manglar kunnskap om steingardane sidan det ikkje har vore gjennomført ei fullstendig registrering av desse.

Dei eldste registrerte og omtalte bygningane i Bremanger er dei gamle kyrkjene i Davik, Rugsund, Ålfoten og Grotle.

# 5.0 Kulturminne i Bremanger, fordelt på bygder

## 5.1 Freda kulturminne

Lovheimel: Kulturminnelova

Gjeld:

- Automatisk freda kulturminne = alle kulturminne eldre enn 1537
- Ståande bygningar eldre enn 1650
- Vedtaksfreda kulturminne (Riksantikvaren)
- Listeførde kyrkjer

I Riksantikvaren sin database Askeladden er det pr. 20.09.18 registrert 338 automatisk freda kulturminne i Bremanger kommune. Dei fleste av desse er arkeologiske kulturminne, slik som dei mange spora etter busetnad langs Skatestraumen, bergkunsten i Vingen og gravrøysene. Gravstaden på Grotle og dei « listeførde» kyrkjene i Ålfoten, Davik og Rugsund er unntaka.

Informasjonen i Askeladden kan ein også finne via nettportalen Kulturminnesøk (kulturminnesok.no). Ein finn også oversikt over arkeologiske funn frå Bremanger på Universitetsmuseet i Bergen (sjå kjelder)

| Viktige freda kulturminne | Objekt. Fakta | Type kulturminne / tidfesting | Askeladden -ID |
|---|---|---|---|
| Botnane: | | | |
| Sørbotten  Foto:magni øvrebotten | Lite gravfelt med 3 røyser. (Opnarhella) To runde er 12-15 m i tverrmål, 2m høg Ei langrøys (kvinnegrav) er 24x8 m | Gravminne 1800-1000 f.Kr Eldre jernalder | ID 66749 Fetts fk.nr.6/2-3 |
| Sørbotten, Håjen | Gravrøys Kvinnegrav Langrøys, 25 m lang, 7 meter brei, 0,5 m høg | Gravminne frå jernalder | ID 6270-1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <br>Foto. magni øvrebotten | | | |
| Sørbotten, vikja<br> | Gravrøys<br>25 m i tverrmål, 2m høg<br>Bygd rundt ein stor jordfast stein | Bronsealder | ID 72851<br>Fetts f.k.nr.6 |
| Sørbotten,<br><br>Foto: magni øvrebotten | Gravrøys (Storrøysa)<br>30 m i tverrmål,4 m høg | Gravminne<br>Bronsealder | ID 4576-1 |
| Sletten | Gravrøys (Nøre røysa)<br>19m tverrmål, 2-3m høg | Bronsealder | ID 55481-1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
|  <br>Foto.magni øvrebotten | Steinkista er synleg | | |
| Nordbotten | Funn av flintdolk og flintkjerne | Bronsealder | ID 131254-1 |
| Sletten<br><br>Foto: magni øvrebotten | Gravrøys<br>(Søre røysa)<br>38m tverrmål, 5m høg<br>Største gravrøysa på vestlandskysten. | Bronsealder | ID 35720-1 |
| Øvrebotten<br>Skjerven | Buplass | Eldre steinalder. Det eldste funnet i Botnane | ID 55482-1 |
| Gulestø<br>Litje Sommaren | Buplass | | ID 131203-1<br>ID 131206-1 |
| Allmenning | Buplass | | ID 131253-1 |
| Midtgulen | | | |
| Indrehus | Bautastein<br>2,2 m høg, 15-20 cm tjukk og 20-40 brei<br>Har blitt flytta, knekt og limt saman. Viser ei rekkje årstal og initialar | Bautastein<br>Jernalder | ID 55493-1 |
| Indrehus | Gravrøys<br>7m tverrmål, o,5m høg. Berre restar igjen. Overgrodd av gras og tre | Gravminne<br>Jernalder | ID 35732-1 |
| Indrehus | Gravrøyser<br>2 Restar av gravrøyser | Gravminne<br>Jernalder | ID 25819-1<br>ID 6287-1 |
| Sandvik<br>Yste Fagervikneset | Gravrøys<br>Restar av ei røys 5m i tverrmål, bygd av 20-80cm steinar. Tilgrodd. Utsyn mot fjorden. | Gravminne<br>Jernalder | ID 45799-1 |
| Sandvik<br>Legneset | Gravrøys<br>7m tverrmål, låg. | Gravminne<br>Jernalder | ID 6291-1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Lite synleg | | |
| Nordgulen | | | |
| Nesbø<br>Lonskjerstranda mot Frøysjøen | 4 Gravrøyser<br>1. 28 m i tverrmål,3 m høg<br>2. 15 m i tverrmål,1,5 m høg<br>3. 13 m i tverrmål, 1 m høg<br>4. 11m i tverrmål,1,5 m høg | Gravminne<br>Jernalder | ID 45795 |
| Ospeneset | Gravrøys der tyskerane bygde kanonstilling under 2.verdskrig | | Per Fett 1957 |
| Nesbø | Bautastein 2,38 m lang, 30-40cm brei,22-25cm tjukk | | |
| Svelgen<br>Sande | Gravrøys<br>Rundrøys, godt markert men lite synleg.<br>4m tverrmål, mindre enn 0,5m høgde.<br>Noko overgrodd | Gravminne<br>Jernalder | ID 45798-1 |
| Dyrstad | Busetnad | | ID 138467-1<br>ID 138474-1 |
| Dyrstad | Gropstein | | ID 138475-1 |
| Ålfoten | | | |
| Myklebust | Gravrøys (Kongshaugen)<br>9m tverrmål, 0,5m høg<br>(opprinneleg 6 gravhaugar) Funn av bronsespenne, vevskjei og leirkrukke | Gravminne<br>Folkevandringstid<br>(500-1100 eKr.) | ID 35735-1 |
| Myklebust | Ålfoten kyrkje<br>Langkyrkje i tre. Erstatta truleg stavkyrkje frå middelalderen.<br>Kyrkja var truleg etablert som ei gardskyrkje for tre storgardar, ei såkalla «høgendekyrkje».<br>Kyrkjeklokka er frå denne tida.<br>Altertavla er frå ca. 1600, og er ei såkalla kassett-tavle med 7 firkanta, dekorerte felt. Den blei | Kyrkje<br>Noverande frå 1610 (1678?).<br>Eldste omtale i 1330<br><br>Kyrkja var først bygd privat av fleire grunneigarar. | ID 85959-1<br>Listeført |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <br>Foto: svenn petter kjerpeset | overmåla i 1767 av den dåverande presten.<br><br>Eit særeige reisealter vart funne under golvet. Det er ei steinplate med treramme.<br><br>Lysekruna var ei gåve frå etterkommerande etter den engelske soldaten John Lee som blei gravlagt her under krigen.<br>Den gamle delen av kyrkjegarden (frå mellomalder)er freda | | |
| Davik | | | |
| Dombestein | Funn av skipskjøl i myra, truleg frå vikingtida.<br>Der er nemnt at kjølen hadde hol med jernnaglar i 40-50 cm avstand.<br>Rester ligg att? | 793 -1066 eKr.<br>Gr./Br 107/2 | -Jacob Åland Bygdebok frå Davik 1939<br>-Per Fett 1960: Forhistoriske minner, Davik sokn |
| Daviknes<br>Austnes | Gravrøys «Jutlerøysa»<br>5m tverrmål. Funn av gravkiste med ei oskefylt urne. | Gravminne<br>Bronsealder-Jernalder<br>98/28 | Per Fett. 1960 |
| Frimannslund | Gravrøys «Kåkongshaugen»<br>12m tverrmål,1,5 m høg,bygd av stein med torvdekke. Funn av kol i grava. | Gravminne<br>Bronsealder | Per Fett 1960 |
| Ytre Davik | Davik kyrkje<br>Erstatta ei tømmerkyrkje med korsforma grunnplan frå 1750. Denne erstatta ei langkyrkje frå 1655 og truleg ei stavkyrkje frå mellomalderen (1330) | Kyrkjestad.<br>Noverande bygd i 1886.<br>Eldste omtale i 1330 | ID 84021-1<br>Listeført |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <br>Foto:kolbjørn nesje nybø | Har ein flott barokk preikestol frå 1655. | | |
| Kolset og Rugsund | | | |
| Elde<br>Bruseneset | 2 Gravrøyser | Bronsealder eller jernalder | Per Fett 1939 |
| Hessevåg<br><br>Foto: randi tvedt solheim | Rugsund kyrkje<br>Tidlegare kyrkje stod på Rugsundøy, på ei høgd over handelstaden. Den opprinnelege var truleg ei stavkyrkje frå middelalderen som blei erstatta av ei langkyrkje i 1650. Denne brann ned i 1834. Ei lysekrune er bevart frå denne kyrkja.<br>Noverande kyrkje blei bygd på andre sida av fjorden i 1838. Arkitekt var Hans D.F.von Linstow(1787-1851), som også teikna det kongelege slott i Oslo. | Eldste omtale 1330 | ID 85323/<br>156603<br>Listeført |
| Rugsundøy | Gamal kyrkjegard der den gamle kyrkja stod. Gravstøtter fjerna. Fins<br>hol etter der kyrkjeklokka smelta ned i jorda under kyrkjebrannen. | 1330 | |
| Rugsundøy | Rugsund handelstad<br>Bustadshus, krambu, stabbur, bakeri, to store sjøbuer.<br><br>I dag bustad og formidling av kystkultur. | 1600-talet | Freda av riksantikvaren i 1924, 101 67-72<br>Verneklasse A |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <br>Foto:kjell arvid stølen | | | |
| Rugsund | Dronning Ingrid av Stårheim drukna her | Ca.1200<br><br>IM | Båten hennar sokk då ein flokk birkebeinarar gjekk til angrep. |
| Skatestraumen<br>Hunskår, Hamnen og Gloføykje<br><br>Foto: rune ripe | 151 ulike buplasssar. Eit område midt i skipsleia, med god tilgang til fiske og fangst. Funn av fangstreiskap, trearbeid, leikar og hustufter.<br>Viser faste busetnader med familiegrupper og hushald. Vingen som rituell stad er like i nærleiken.<br>Liknande funn andre stader fortel oss at steinaldermenneska langs kysten hadde kontakt med kvarandre. Funn av rav (truleg knappar) viser varebyte frå Baltikum | Steinalder, bronsealder og eldre jernalder.<br>(Truleg frå 7500 fKr.) | ID 169599<br>ID 169608-1<br>osv<br><br>Vurderast som omsynssone i arealdelen til kommuneplanen |
| Skatestraumen | Funn av klebersteinsfugl<br>4,5 cm lang flat fugleform. Polert.<br>Meining eller bruk: magisk lokkemiddel, jaktmagi, religiøs symbolikk, lykkefigur?<br>Også ein figur i Vingenfeltet. | Eldre/yngre steinalder<br>Ca.5300 fKr. | ID 169599 |
| Ørnevika ved Tongane | Buplass | Buplass<br>Jernalder | ID 6292-1 |
| Frøysjøen | | | |
| Vingen, Vingeneset og Vingelven | Helleristningsfelt<br>Mellom 2200- 2300 ristningar. Mest hjortedyr, men også | Bergkunst<br>Eldre og yngre steinalder<br>4000 – 2000 f.Kr. | ID 145525-6<br>Osv. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <br>Foto:reidun øvrebotten | dyrehaudstavar, geometriske mønstre og menneskefigurar. Ulike tolkningar av ristningane og staden seier noko om jaktmagi, rituelle seremoniar og at dette var ein kultstad for menneska gjennom tidene. | | |
| Vingen | Buplass | Steinalder<br>3700 fKr. | ID 232593-0 |
| Vingeneset | Buplass | Steinalder | ID232595-0 |
| Hennøya | Helleristning med dyr, mulig menneskefigur. Funne i dyrka mark. Kan ha vore brukt til ilestein. Kan vere henta frå Vingen | Bergkunst<br>Bronsealder | ID 161115-1 |
| Lisje Hennøya<br><br>foto: atle rise | Runestein<br>Delt i to. 9 runeskrifter, dei fleste stutte. Alle er attgjevne i Magnus Olsen sitt verk om dei norske runeinnskriftene | Runestein<br>Jernalder/middelalder | ID 66762-1 |
| Skarvegytten<br>(vest for Hennøya) | Gravrøys<br>12m tverrmål, 1m høg. Lynggrodd. Ligg på kanten av ei stupbratt vik, under ei røys. | Gravminne<br>Bronsealder/<br>jernalder | ID 66760-1 |
| Berle | | | |
| Hauge Lille | Gravfelt, 5 gravhaugar<br>1: 6m tverrmål, 0,5m høg.<br>2: 7m tverrmål, 0,5m høg<br>3: 4m tverrmål<br>4: 3m tverrmål<br>5: 4m tverrmål, 0,5m høg (nyregistrert)<br>Tilgrodd med torv | Gravfelt<br>Jernalder | ID 35722 |
| Hauge lille | Bautastein, 1,60 lang, 40cm brei,20cm tjukk | Bautastein<br>Jernalder | ID 35722 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gotraneset/Skarstein<br><br>Foto: berle grandalag | 2 Gravrøyser<br>1: 16m i tverrmål, 1,5 m høg<br>Bygd av rullestein<br>2: 15m lang. Søre enden øydelagt av tyske annleggsarbeid. | Gravfelt<br>Jernalder/Vikingtid | ID 55497-1 |
| Hauge Lille | Gravrøys «Kyrkjehågjen»<br>20m tverrmål,2,5m høg. Torvdekke | Gravminne<br>Jernalder | ID 35721-1 |
| Skarstein, Gotraneset<br><br>Foto: reidun øvrebotten | Skarsteinskipet: kjøl av eik funne i ei myr på Skarstein, Gotraneset. Stykke av kjøl, 8,7 m lang, 18 cm høg o g 14 cm brei i overkant, 5-6 cm i nederkant. Avsaga i eine enden i nyare tid, andre enden er tilhogd til ein sidelask mot stamnen, med 5 naglehol. Pluggar i tre viser til 700-talet. I god forfatning. Funn av naglar, tjukke, dels med runde og firkanta hovud. Ikkje fullstendig lengde. Restar av tetning, laga av dyrehår spunne til tau, brukt mellom skipsborda. | Jernalder/Vikingtid | Historisk museum, utstilt på Sjøfartsmuseet i Bergen.<br>Omtalt: Sheteleg/Johannessen 1929: «Kvalsunfundet og andre norske myrfund av fartøier»<br><br>ID? |
| Bremangerlandet | | | |
| Nygård | Buplass<br>Gjenstandsfunn viser busetnad.<br>Lokaliteten er i dag utbygd av hus, garasje og løe | Buplass<br>Steinalder | ID 64048-1 |
| Nygård | Buplass | Buplass<br>Steinalder-Bronsealder | ID 16125-1 |
| Torvanger | Gravhaug<br>12 m tverrmål, 0,5-1,5m høg<br>Grasdekt | Gravminne<br>Jernalder | ID 45802-1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Igland<br><br>Foto:historisk museum,bergen | Spydspiss,<br>18,5 tommar lang og 2,5 tommar brei, med ufullstendig skafthaldar .<br>+ eggstykkje av eit økseblad | Funne i ein haug på ytre Igland (gnr.13)<br>Jernalder | ID 3031 og 3032 (Universitetet i Bergen) |
| Grotle indre<br>Nygård<br><br>Foto:Reidun øvrebotten<br><br> | Grotle mellomalder kyrkjegard<br>Omkransa av steinmur 40x30 m<br>Kyrkjegarden har mange gravsteinar, dei fleste frå 1800-talet.<br>Heller/stein til gravstøtter kan vere henta frå hellebrot i Botnane.<br><br>Innanfor murane av kyrkjegarden låg gamle Grotle kyrkje. Den første var truleg bygd av godseigar Herra (Ridder) Særkr som hadde sete på garden Grotle, nemnd i 1315 (I Bjørgvin Kalvskinn, ei jordebok over dei geistlege eigedomane på 1300-talet). Kyrkja var truleg etablert som ei gardskyrkje på ein storgard, ei såkalla «høgendekyrkje». Frå først av ei kyrkje for kyrkjeeigaren og familien hans. Dette var vanleg på 1100-talet.<br>Grotle Kyrkje riven og seld på auksjon i 1866. Altertavla blei kjøpt av Kvåle Hauge og gjett i gåve til Frøya kyrkje. Tilhøyrande søyler er | Kyrkjestad<br>Mellomalder<br><br>Eldste omtala frå 1330 | ID 45771 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <br>Foto:reidun øvrebotten | i dag plassert i ei gamal krambu i Kalvåg.<br>Døypefonten er i Frøya kyrkje.<br>Deler av kyrkja fins i Smørhamn handelstad og i Kalvåg.<br>Modell av kyrkja fins og gode registreringar av konstruksjon og vedlikehald gjennom tidene. | | |
| Grotle indre<br><br>Foto: historisk museum,bergen | Gravhaug<br>8m i tverrmål, 0,5m høg<br>Hellekista er ikkje lenger synleg men ligg truleg under jordoverflata.<br>Funn av beltestein i kvarts med glassperler | Gravminne<br>Vikingtid<br>Sein steinalder | ID 6272 |
| Hauge, Struen | Busetnad | Eldre jernalder | ID 136283-1 |
| Førde<br><br>Foto: historisk museum,bergen | Funn av hårspenne og mosaikkperle | Gravrøys/ kvinnegrav<br>Vikingtid | ID? |
| Vågane | <u>Buplass</u><br>Ca 15x10m Div. funn stadfester steinalderlokalitet (flintkniv, Nøstvet-øks av grønstein mm) | Buplass<br>Steinalder | ID 35738 |
| Vågane | Bautastein<br>1,75m høg og 20cm brei | Jernalder | |
| Vetvika | | | |
| Osavollen | 3 Gravrøyser<br>1: 4m tverrmål, 0,5m høg | Gravfelt<br>Vikingtid | ID 25827<br>Vurderast som omsynssone i |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <br>Foto: svenn petter kjerpeset | 2: 5m tverrmål,0,5m høg<br>3: 6m tverrmål, låg | | arealdelen til kommuneplanen |
| Solheim/Øyrane | Busetnad<br>Fleire hustufter av rullestein viser gardsanlegg innanfor eit felt på 50x40m | Gårdsanlegg<br>Jernalder | ID 25826-1 |
| Solheim | Bautastein<br>«Tannarsteinen»<br>2,5m høg, 40-100 cm brei, 20 cm tjukk<br>Toppen er avslått, men skulle vore forma som eit hovud. Truleg eit fallossymbol.<br>Rundt steinen skal det ligge store steinar i ein firkant. Desse er ikkje lenger synlege. | Bautastein<br>Jernalder | ID 6293-1 |
| Frøya | | | |
| Liset<br>Lisetvikja | 3 Gravrøyser<br>1: 8x4m, 0,75 høg<br>2: 6x4m, 0,5 høg<br>3: Rund, tverrmål 3m, 0,5 høg | Gravminne<br>Jernalder | ID 6289 |
| Geitholmen/Frøyveret | Busetnad:<br>7 Båtstøer<br>15 Hustufter<br>3 Innhengingar<br>2 Moloar<br>Mykje overgrodd av lyng og gras | Busetnad/kysttuft for fjæremenn frå indre Nordfjord.<br>Jernalder-middelalder | ID 6290 |
| Frøyen | Gravrøyser<br>Spor etter mange røyser, lite synlege idag | Yngre og eldre steinalder<br>500 fKr. -1050 eKr. | Per Fett 1957 |
| Frøyen, Vollane | Bautastein<br>«Vollasteinen»<br>3,5 meter høg, 1 m brei, 12,5cm tjukk | | Steinen blei seld til bryggestein i Kalvåg, der ein rutebåt reiv han ut i sjøen.<br>Per Fett 1957 |
| Småvågane, Steinset | Gravstad | Jernalderen, ca 400 e.Kr | Per Fett 1957 |




(Kart levert av Fylkesatlas, Vestland)

## 5.2 Verna kulturminne

Lovheimel: Etter plan og bygningslova, Naturmangfaldslova

Verna kulturminne omfattar enkeltbygg/anlegg og kulturmiljø som er verna etter Plan og Bygningslova (PBL) eller etter Naturmangfaldslova (NML). Dette kan vere omsynssone der vern kan ha ulike grader av restriksjonar. Vedtak om vern etter PBL er gjort av Bremanger kommunestyre.

| Viktige verna kulturminne | Kulturminne/miljø | Gnr/Bnr | Planstatus Reguleringsplan/omsynssone |
|---|---|---|---|
| Nordgulen | | | |
| Svelgen<br><br>Foto: eli tideman<br><br>Foto: gerd nesbø | Industriminne:<br>-BB1-Ingeniørmessa<br>-BB2-Driftstyrarbustad 1919<br>-BB3-Bustad for Elkem<br>- BB4-Bakkevegen 13 (teikna av arkitekt Rustad)<br>-BB5 og 6Bakketunet: 4 hus frå 1918-19<br>-BB7-Arbeiderbustad 1920 | | Arealplan:<br>KST 19.06.01<br>Spesialområde(PBL par. 25.6) BB1-8 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <br>Foto: reidun øvrebotten<br><br>Foto: svelgen kunstlag | -BB8- Øyratunet, eldste stovehuset i Svelgen 1860 | | |
| Bremanger | | | |
| Haugefisk<br><br>foto: haugefisk venner | Bygd i 1978 i Fusa. Første-generasjon shelterdekka autolinebåt. 105 fot lang. Kom nybygd til Bremanger i 1978. I dag eigd av Kystmuseet i Florø. | Fiske/fangstreiskap | Verna av Riksantikvaren i 2005<br>ID 232166-0 |
| Kalvåg | | | |
|  | Kalvåg Fiskevær og tidlegare kommunesenter. Lange tradisjonar med fiskemottak og foredling. | | «Estetisk plan for Kalvåg med føresegner til reguleringsplan»<br>Godkjent hos fylkesmannen 25.10.00 |
| <br>Vamråkbua | Vamråkbua. Sildesalteri<br>Eigar Kystmuseet i Florø. | | Del av omsynssone: Bevaring kulturmiljø KST-078/12<br><br>ID 132254-1 |
|  | Lisetbua. Tran-damperi, bøtker-verkstad, sildemotttak mm<br><br>Eigar Kystmuseet i Florø | 1907 | Del av omsynssone: Bevaring kulturmiljø KST-078/12<br><br>ID 151515-1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lisetbua | | | |

| Landskapsvern i Bremanger kommune | oppretta | storleik |
|---|---|---|
| Vingen landskapsvernområde | 09.05.1980 | 4900 daa |

## 5.3 Bygningar med byggeår 1650 - 1850

For bygningar med pårekna byggjeår mellom 1650 – 1850 gjeld krav om uttale frå antikvariske styresmakter(Fylkesantikvaren) før løyve til tiltak kan gjevast. Dette gjeld alle ståande bygningar registrerte i SEFRAK-registeret, med pårekna byggjeår 1850 eller tidlegare (Raud SEFRAK), samt eventuelle bygningar i denne aldersgruppa som ikkje er registrerte.

I Bremanger vart det utarbeidt ein «Plan for vern av kulturminne i Bremanger kommune/Bygningsvern» (Asbjørn Tyssen 1993) Her er enkeltbygningar og bygningsmiljø fram til 1900 registrert og vurdert i ulike verneklassar. Byggjeår er ikkje dokumentert.

- Verneklasse A: Fredingsverdig etter Kulturminnelova
- Verneklasse B: Bevaringsverdig etter Plan- og Bygningslova
- Verneklasse C: Ingen spesiell vernestatus

I denne oversikta er det tatt med alle bygningar i verneklasse A og nokre i verneklasse B og C ut frå lokale interesser. Sefrakregistrering er kommentert.

| Stad | Objekt/byggeår | Gr/Bnr | Registrering Tyssen/Sefrak |
|---|---|---|---|
| Midtgulen | | | |
| Ytrehus | Før 1866 (omtala i branntakst i 1866)<br>Bygd av båtbyggjar Knut Ytrehus. Tømmer med bordkledning. 1.etaje:to stover, gang, kjøkken og spiskammer. På loftet to værelse. Huset står i dag. | 43/3 | 113 16 Tyssen<br>Verneklasse C<br><br>Sefrak |
| Ytrehus | Jektenaust<br>Truleg frå 1700-talet.<br>Naustet er restaurert, men innvendige konstruksjonar bevart. | 43/4 | 113-23 Tyssen<br>Verneklasse C<br><br>Sefrak |
| Nordgulen | | | |
| «Øyratunet»<br><br>Foto:svelgen kunstlag | Bustadhus i Svelgen.<br>I dag kunstgalleri. Kommunal eige<br><br>Bygd ca.1850 av Per Olsen Rise | 38/26 | 110-1 Tyssen<br>Verneklasse B<br><br>Sefrak |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Naustneset | Sjøbu | Risegardane | |
| Risesetra | | | |
| Ålfoten | | | |
| Myklebustsetra<br><br>Foto: randi tvedt solheim | Stølsmiljø<br>Vår og hauststøl med sel, høyløer og fjøs<br><br>Truleg frå 1600-talet.<br>Nemnt i skifte frå 1750 (Skogabrevet) | 115/2,3,7, 9,10 og 11 | 107 42-52 Tyssen<br>Verneklassse A<br><br>Sefrak |
| Myklebust | 1890-1910<br>Hansane bustadhus | 115/11 | 107-24 Tyssen<br>Verneklasse c<br>Sefrak |
| Dombestein | | | |
| Wiesehuset<br><br>Foto: allkunna, fylkesarkivet | Handelstad, bustad og gjestgjevarstad på 1800-talet<br>Bygd i 1780 | 107/4 | Verneklasse B<br>105-48 Tyssen<br><br>Sefrak |
| Dombestein | 1845<br>Bustadhus og stabbur | 107/2 | 105-44 Tyssen<br>Verneklasse B<br>Sefrak |
| Davik | | | |
| Hamre | Røykstove 1824<br>Bustadhus «Gamlehuset»<br>Eldhus | 103/1 | 104,57 Tyssen<br>Verneklasse A<br>Sefrak |
| Jørntunet<br><br>Foto:kjell aga ulvestad | Gardsmiljø:<br>Bustadhus, to kvernhus, eldhus og fjøs<br>Ca-1850 | Stiftinga Jørntunet<br>106/4 og 1 | Omsynssone i kommunedelplan Davik.<br>105-3-10 Tyssen<br>Verneklasse B<br><br>Sefrak 106/1 |
| Rugsund | | | |
